



**RADØY KOMMUNE**  
Austebygd skule og barnehage  
5939 Sletta

## **Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage, 20.11.14.**

### Til stades:

Geir Olav Repål (FAU - leiar skulen)  
Linn Stevnebø (FAU - leiar barnehagen)  
Agnethe Soltveit (representant frå foreldrerådet skulen)  
Robert Soltveit (nestleiar FAU barnehagen)  
Ann Veronika Kaland (repr. for dei tilsette i barnehage)  
Gunhild Thomassen (repr. for andre tilsette ved skulen)  
Kirsten Skage Mellingen (repr. for undervisningspersonalet ved skulen)  
Monika Sikora (foreldrerepr. SFO)  
Kristine Rosenlund Tangedal (repr. for elevrådet)  
Alf Marius Mjøs (repr. for elevrådet)  
David Aasgard (repr. frå kommunen)  
Torunn Tolleshaug Hovden (rektor/repr. for kommunen)

### **Sak 1. Konstituering av SU/SMU for 14/15**

**Vedtak:** *Geir Olav Repål* vert einstemmig vald til leiar i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet

**Vedtak:** *Linn Stevnebø* vert einstemmig vald til nest-leiar i Samarbeidsutvalet/  
Skulemiljøutvalet

### **Sak 2. Høyring på skule- og barnehagerute for Radøy for 15/16.**

Samarbeidsutvalet drøfta rådmannen sitt framlegg til skule- og barnehagerute for Radøy for skuleåret 15/16, og gjekk inn for ein del endringar her.

#### **Vedtak:**

**Skuleruta:** Samarbeidsutvalet går inn for at haustferien i veke 41 vert korta ned til 3 dagar, slik at torsdag 8. og fredag 9.oktober vert skuledagar for elevane, og at måndag 21. og tysdag 22.desember i staden vert elevfrie dagar.

SU er samd med rådmannen sitt framlegg om å ikkje ha elevfri dag den 14.september, men ønskjer at elevane får fri 18.mai i staden.

**Barnehageruta:** Samarbeidsutvalet støttar rådmannen sitt framlegg til barnehagerute.

### **Sak 3. Godkjenning av Lokal årsplan for 14/15 for Austebygd barnehage.**

Planen var sendt ut saman med innkallinga, og i møtet informerte styrear kort om sentrale punkt.

**Vedtak:** Lokal årsplan for Austebygd barnehage for 14/15 vert einstemmig godkjent..

### **Sak 4. Eventuelt andre saker**

Ingen saker her.

Austebygd skule og barnehage, 25.november 2014

*Torunn Tolleshaug Hovden*  
skrivar SU/SMU

*Geir Olav Repål*  
leiar SU/SMU

